

Saksframlegg

Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga
 Sak nr.: 14/882-11

Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2019 - sektorbudsjett for opplæring

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert gjort slik omdisponering i den økonomiske ramma for opplæring:

	2015	2016	2017	2018	2019
Utviklingsmidlar til disposisjon for HO	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5
Fellesutgifter for skulane	2,4	2,2	2,1	1,0	1,0
PP-tenesta	0,2	0,2			
Gratis læremiddel/PC-ordninga	-2,0	-1,8	-1,6	-0,5	-0,5
	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0

2. Opplæringssektoren tilpassar seg rammeutfordringane i 2015 og 2016 slik:

	2015	2016	2017-19
Teneste/tiltak:			
Jordbruksskulegardar (ufordelt løyving)	-0,4	-0,4	-0,4
Tilskot til vaksenopplæringsforbundet (VOFO)	-0,2	-0,2	-0,2
Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle idrettsutøvarar			
Midlar til pedagogisk utviklingsarbeid	-0,5	-0,5	-0,5
Analyse av elev- og lærlingundersøking	-0,3	-0,2	-0,3
Skule- og tilbodsstruktur, Hordalandsavtalen		-1,6	-3,6
Digital satsing - kompetanseutvikling	-1,0	-1,0	-1,0
Fagnettverk	-0,2	-0,2	-0,2
Gratis læremiddel/PC-ordninga	-0,4	-0,9	-0,4
Sum innsparing	-3,0	-5,0	-6,6

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

1. Tilbakemelding frå Vaksenopplæringsforbundet i Sogn og Fjordane (VOFO): Konsekvensar av å ta bort den fylkeskommunale løyvinga til VOFO (vert ettersendt)
2. Tilbakemelding frå Elevorganisasjonen i Sogn og Fjordane: Konsekvensutgreiing av å ta bort den fylkeskommunale løyvinga til tilskot til elevorganisasjonar
3. Notat, datert 12.09.14, frå bygge- og eigedomssjefen til hovudutvalet for opplæring

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. HO-sak 18/14: Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 – prioritering i opplæringssektoren
2. Arbeidsdokument 3/14 frå fylkesrådmannen til finansutvalet

SAKSFRAMSTILLING

Samandrag

Fylkesdirektøren for opplæring legg med dette fram skisse til saldert sektorbudsjett for 2015 og 2016.

Saksutgreiinga er i to delar; ein felles del til alle hovudutvala og ein sektorspesifikk del for kvart hovudutval.

Fellesdelen inneheld ein omtale av dei økonomiske utfordringane for fylkeskommunen og budsjettprosessen som er sett i gang.

Den sektorspesifikke delen tek utgangspunkt i dei økonomiske rammene for opplæringssektoren og endringar i den økonomiske ramma tilrådd i arbeidsdokument 4/14 frå fylkesrådmannen til finansutvalet. Fylkesdirektøren kjem i saka med tilråding til omdisponering i den økonomiske ramma for opplæring og til korleis sektoren i økonomiplanperioden best kan tilpasse seg rammeutfordringane i 2015 og 2016.

Fylkesdirektøren vil kome attende til utfordringane knytte til dei langsiktige driftsrammene og målekart for sektoren i sak til hovudutvalet i oktober.

A FELLESEDEL

Fylkesrådmannen si innleiing

Fylkeskommunen står no overfor den mest krevjande budsjett- og økonomiplanprosessen nokon sinne. Nytt inntektssystem (IS) gjev ein vesentleg rammereduksjon for Sogn og Fjordane. Justert for pårekna tapskompensasjon første året og alt forventa inntektsreduksjon, aukar salderingsutfordringa vår som følgje av det nye systemet slik:

	2015	2016	2017	2018	2019
Netto auka salderingsutfordring som følgje av nytt IS	-8,7	-60,7	-112,7	-164,7	-223,7

Ei slik endring i eksterne rammeføresetnader vil stille store krav til omstilling, og gjennom det store krav til organisasjonen vår. I arbeidsdokument 3/14 til finansutvalet la fylkesrådmannen fram følgjande køyrereglar han meiner må vere sentrale gjennom heile denne prosessen:

1. Vi må setje innbyggjarane sitt beste i fokus
2. Vi må vise respekt for alle tilsette
3. Vi må følgje gjeldande lover og forskrifter
4. Oppgåver kan vere lovpålagte, ikkje løysingsmåten
5. Alle reduksjonsforslag må vere tilstrekkeleg utgreidde
6. Vi må planlegge og budsjettere realistisk
7. Vi må vurdere oppgåver og tenester, vekk med ostepølven
8. Vi må framleis ha nokre vekstelement i budsjetta
9. Vi må sikre rett og nok kompetanse – i føreståande arbeid

10. Vi må framleis arbeide for å betre rammevilkåra våre

Køyrereglane vart positivt mottekne i finansutvalet, og fylkesrådmannen tillet seg difor å gjenta dei innleiingsvis i hovudutvalssakene.

Justert budsjett- og økonomiplanprosess

Den store reduksjonen i framtidige inntekter vil føre til at heile den fylkeskommunale verksemda må vurderast. Dette arbeidet er omfattande og vil ta tid. Finansutvalet vedtok som følgje av dette å dele den vidare budsjettprosessen opp slik:

Prosess					
Budsjett 2015	Rammer for 2015 i finansutvalet 18.06.2014	Detaljbudsjett 2015 i hovudutvala sept. 14	Slutthandsaming i Fylkestinget des. 14		
Budsjett 2016	Rammer for 2016 i finansutvalet 18.06.2014	Skisse til naudsynte tiltak i hovudutvala sept. 14	Vedtak i Fylkestinget des.14	Ev. utgreiingar og implement. i 2015	
Økonomiplan 2016-19	Prosessvedtak i finansutvalet 18.06.2014	Hovudutvala vert utfordra oktober og november 14	Saldering av økonomiplan – teknisk i FT des. 14	Økonomiplan-arbeid våren 2015	Vedtak i fylkestinget juni 2015

Som ein konsekvens av denne oppdelinga har hovudutvala fått to oppdrag no i haust;

- i september (gjennom denne saka) skal hovudutvala vise korleis sektoren på best mogleg måte kan tilpasse seg følgjande rammeutfordringar på kort sikt:

	2015	2016
Forvaltning	-8	-12
Opplæring	-3	-5
Tannhelse	-3	-3
Plan og næring	-3	-5
Kultur	-3	-5
Samferdsle	-24	-84
Sum utgreiingsrammer	44	114

Med bakgrunn i hovudutvala sine framlegg i denne saka skal finansutvalet 24. september drøfte den kortsiktige tilpassinga til skisserte rammeutfordringar (2015-2016).

- I slutten av oktober skal hovudutvala kome med framlegg til kva område som skal nærare utgreiast for å oppnå innsparingar på lang sikt. Finansutvalet har fastsett følgjande utgreiingsrammer for sektorane:

	2017-19
Forvaltning	30
Opplæring	88
Tannhelse	11
Plan og næring	11
Kultur	17
Samferdsle	130
Sum utgreiingsrammer	287

Hovudutvala sine framlegg til utgreiingsområde vert drøfta i finansutvalet 5. november, og skal vedtakast som ein del av budsjettet i desember 2014. Sjølve utgreiingane skal gjerast våren 2015, med sikte på å gjere retningsgjevande innsparingsvedtak i økonomiplanen i juni 2015.

B SEKTORSPEISIFIKK DEL

Som ein del av prosessen med budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 la fylkesdirektøren for opplæring fram HO-sak 18/14 *Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 – prioritering i opplæringssektoren* til handsaming for hovudutvalet på møtet 17. juni 2014. Hovudutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

«Hovudutvalet tek saksutgreiinga og framlegga til moglege innsparingar til orientering.

Hovudutvalet merkar seg innspela frå fagopplæringsnemnda , og ber om at dei vert vidaresendt til finansutvalet som ein del av sakstilfanget.

Hovudutvalet ber om å få utgreia potensialet for innsparing i energikostnader i bygningsmassen for vidaregåande skule, ut frå ein "best praksis"-strategi der ein nyttar røynsler og kompetanse frå dei skulane som har lågast energibruk pr. m2.»

Finansutvalet handsama arbeidsdokument 3/14 frå fylkesrådmannen på møtet 18. juni 2014. Saksutgreiing og vedtak frå handsaminga i hovudutvala låg som vedlegg til arbeidsdokument 3/14 frå fylkesrådmannen til finansutvalet.

1. BUDSJETT 2015 OG 2016

Fylkesdirektøren tek i arbeidet med budsjettet for 2015 og 2016 utgangspunkt i endringar av den økonomiske ramma for opplæring, tilrådd i arbeidsdokument 4/14 frå fylkesrådmannen til finansutvalet. Vidare tilrår fylkesdirektøren omdisponering av midlar i den økonomiske ramma for sektoren. Til slutt kjem fylkesdirektøren med tilråding til korleis sektoren i økonomiplanperioden best kan tilpasse seg rammeutfordringane i 2015 og 2016.

1.1 Endring av den økonomiske ramma for opplæring

I det samla budsjettoplegget frå fylkesrådmannen, arbeidsdokument 4/14, vert den økonomiske ramma for opplæringssektoren tilrådd endra slik:

Vidareføring av tilrådde endringar i tertialrapport 2/14

Fellesutgifter for skulane - lisensavtalar

Sogn og Fjordane fylkeskommune har frå 2014 inngått ny avtale om lisens for opptak av kringkastingsprogram til bruk i opplæringa og tilleggsavtale om bruk av musikk i opplæringa. Avtalen inneber ein årleg kostnadsauke på om lag 0,09 mill. kr. I tertialrapport 2/14 vart budsjettet auka tilsvarande. Fylkesrådmannen rår til at løyvingnivået i 2014 vert vidareført i økonomiplanperioden.

Tilskot til lærebedrifter

I 2014 er budsjettet for tilskot til lærebedrifter tilrådd auka med til saman 11,3 mill. kr (tertialrapport 1 og 2). Løyvinga til tilskot til lærebedrifter er ei anslagsløyving, og det er uvisse knytt til prognosane for 2014. Fylkesrådmannen rår til at løyvingsnivået i 2014 vert vidareført i økonomiplanperioden. Fylkesrådmannen vil arbeide vidare med prognose for bruken av tilskotsmidlar.

Fagprøver

I tertialrapport 2/14 er budsjettet for fagprøver tilrådd auka med 1,0 mill. kr. Fylkesrådmannen rår til at løyvingsnivået i 2014 vert vidareført i økonomiplanperioden.

Forsering av innsparing som følgje av strukturendringane i skulebruksplanen

Strukturendringane som følgje av skulebruksplanen vart iverksette frå hausten 2014. Det har vore knytt stor uvisse til dei økonomiske konsekvensane av strukturendringane på kort sikt. Det er difor i gjeldande økonomiplan, fram til hausten 2016, berre lagt inn ein reduksjon i budsjettet tilsvarande reduksjon av opplæringstilbodet med to grupper frå hausten 2014 og to grupper frå hausten 2015. Det er ikkje budsjettetert med innsparingar som følgje av strukturendringane før hausten 2016.

I samband med tertialrapport 2/14 er det frå hausten 2014 berekna ei samla årleg innsparing på 7,3 mill. kr som følgje av strukturendringane i skulebruksplanen. Innsparingane fordeler seg slik på tenester:

Teneste	2015	2016
5100 Utgifter til lokale	-1,7	-0,9
5150 Forvaltning og fellesutgifter	-2,3	-1,3
5200 Pedagogisk leing mv./5210 Utdanningsprogramma	-3,3	-1,8
Sum	-7,3	-4,0

Fylkesrådmannen rår i arbeidsdokument 4/14 til at budsjettet for 2015 og 2016 (effekten for våren) vert redusert etter fordelinga i tabellen over. Frå hausten 2016 er innsparingskravet knytt til skulebruksplanen innarbeidd i den økonomiske ramma for opplæringssektoren.

Omstillingstiltak for pedagogisk personale

I samband med gjennomføring av skulebruksplanen vart det, i gjeldande økonomiplan, for 2015 sett av om lag 20,7 mill. kr til omstillingstiltak for pedagogisk personale. Det er stor uvisse knytt til behovet for omstillingsmidlar. Ut frå erfaringa med omstillingsarbeidet i 2014 rår fylkesrådmannen likevel til at løyvinga til omstillingsmidlar i 2015 vert redusert med 9,5 mill. kr.

Flytting av midlar øyremerkte vg3 i skule frå Tilskot til lærebedrifter til Utdanningsprogramma – teknisk endring

Som oppfølging av HO-sak 08/14 *Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2014-2015* vart den økonomiske ramma for tilskot til lærebedrifter, i arbeidsdokument 2/14 frå fylkesrådmannen til finansutvalet, styrkt med 4,2 mill. kr øyremerka vg3 i skule. Etter Kostra skal kostnader knytte til opplæring i skule (inkl. vg3 i skule) først på utdanningsprogramma. Fylkesrådmannen tilrår difor at dei øyremerkte midlane vert flytta til utdanningsprogramma.

Tilrådde endringar av den økonomiske ramma for opplæring i arbeidsdokument 4/14 kan oppsummerast slik:

	2015	2016	2017	2018	2019
Fellesutgifter for skulane - lisensavtalar	0,1	0,1	0,1	0,1	0,1
Tilskot til lærebedrifter	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0
Fagprøver	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0
Forsering av innsparing som følge av strukturendringane i skulebruksplanen	-7,3	-4,0			
Omstillingsmidlar	-9,5				
Utdanningsprogramma - vg3 i skule	4,2	4,2	4,2	4,2	4,2
Tilskot til lærebedrifter - vg3 i skule	-4,2	-4,2	-4,2	-4,2	-4,2
	-14,7	-1,9	2,1	2,1	2,1

1.2 Omdisponering i den økonomiske ramma for opplæring

Under følgjer fylkesrådmannen si tilråding til omdisponering i den økonomiske ramma for opplæring:

Utviklingsmidlar til disposisjon for hovudutvalet for opplæring (HO)

Det har over fleire år vore budsjettert med utviklingsmidlar til disposisjon for hovudutvala. Dei siste åra har løyvinga vore nytta til å finansiere satsingar og salderingsutfordringar i sektoren. Det er frå 2015 budsjettert med 0,5 mill. kr årleg til disposisjon for HO.

Fylkesdirektøren rår til at løyvinga i økonomiplanperioden vert øyremerkt delfinansiering av nytt skuleadministrativt system.

Fellesutgifter for skulane

Nytt skuleadministrativt system

I HO-sak 18/14 heiter det m.a.:

«I HO-sak 3/14 *Finansiering av utvikling (kjøp) av nytt felles skuleadministrativt system* vert forventa mindreforbruk på løyvinga til gratis læremiddel i 2014 tilrådd overført til finansiering av utvikling (kjøp) av nytt skuleadministrativt system (SAS) med om lag 1,8 mill. kr. Omdisponeringa er innarbeidd i tertialrapport 1/14. I vedtaket i HO-sak 3/14 heiter det vidare m.a.: «For åra 2015-2017 må finansieringa innarbeidast i budsjett og økonomiplan.»

Kostnadene ved nytt SAS for Sogn og Fjordane er berekna til følgjande:

	2015	2016	2017
Investeringskostnader	2,386	2,189	1,089
Driftskostnader			1,011
Sum	2,386	2,189	2,100

Kostnaden ved lokalt mottaksapparat kjem i tillegg til estimert investeringskostnad. Det er enno for tidleg å kunne estimere kostnadane ved dei lokale mottaksprosjekta.

Fylkesdirektøren tilrår at finansiering av investering og eventuell auke i driftskostnader som følgje av nytt skuleadministrativt system (SAS) frå 2015 vert finansiert over eventuelle innsparte midlar på gratis læremiddel/PC-ordninga og den lånefinansierte utstyrsøyvinga.»

Fylkesdirektøren føreset at det frå 2018 berre vert utgifter til drift av nytt SAS, og at driftsutgifta vert om lag som nivået stipulert for 2017.

Auka lisensutgifter

Kostnadene ved diverse lisensavtalar for skulane har i løpet av fleire år auka utan at budsjettet har blitt justert tilsvarande. Som følgje av mindreforbruk på flyttegodtgjersle, har samla forbruk kome ut om lag som budsjettert.

Det er årleg budsjettert med 0,07 mill. kr til dekking av flyttegodtgjersle i sektoren. Etter fylkesdirektøren si vurdering er det ikkje behov for sentrale midlar til føremålet, då det er naturleg at eventuell flyttegodtgjersle vert dekkja lokalt (på den einiskilde institusjon). Det har dei siste åra i liten grad vore nytta midlar av den sentrale potten til føremålet. Fylkesdirektøren rår til at avsette midlar til flyttegodtgjersle frå 2015, som ei varig ordning, vert omdisponert til styrke budsjettet for lisensutgifter.

Styrking av det systemretta arbeidet i PP-tenesta

Fylkeskommunen har samarbeidsavtalar med kommunane om kjøp og sal av pp-tenester. Som ei særskild satsing for å styrke det systemretta arbeidet i PPT, ser fylkesdirektøren det som ønskjeleg å styrke PPT Eid og Vågsøy i 2015 og 2016. Satsinga føreset samarbeid med dei aktuelle kommunane. Fylkesdirektøren rår til at budsjettet for PPT for 2015 og 2016 årleg vert styrka med 0,15 mill. kr til føremålet.

Gratis læremiddel/PC-ordninga

I HO-sak 18/14 heiter det m.a.:

«Etter budsjettreglementet har fylkesrådmannen høve til å sjå løyvingane til gratis læremiddel og PC-ordninga i samanheng og å sjå desse løyvingane i driftsbudsjettet i samanheng med avsette midlar til PC-ordninga i investeringsbudsjettet. Rekneskapsresultatet i 2013 viser ei innsparing på løyvinga i driftsbudsjettet med om lag 2,0 mill. kr. Det er forventa innsparing på løyvinga også i 2014.»

I FT-sak 17/14 *Tertialrapport1/14* vart det vedteke å omdisponere i overkant av 1,8 mill. kr frå budsjettet for drift av PC-ordninga og ordninga med gratis læremiddel til finansiering av utvikling (kjøp) av nytt skuleadministrativt system (SAS). I tertialrapport 2/14 rår fylkesrådmannen til at driftsbudsjettet for gratis læremiddel/PC-ordninga vert redusert med ytterlegare 1,0 mill. kr.

Fylkesdirektøren rår til å omdisponere midlar frå gratis læremiddel/PC-ordninga med 1,9 mill. kr i 2015, 1,8 mill. kr i 2016 og 1,7 mill. kr i 2017, til delfinansiering av utvikling (kjøp) av nytt SAS. Frå 2018 rår fylkesdirektøren til ei årleg omdisponering frå gratis læremiddel/PC-ordninga på 0,5 mill. kr til drift av nytt SAS.

Fylkesrådmannen rår vidare til å omdisponere 0,15 mill. kr årleg for 2015 og 2016 for å styrke det systemretta arbeidet i PPT.

Fylkesdirektøren si tilråding til omdisponering i den økonomiske ramma for opplæring kan oppsummerast slik:

	2015	2016	2017	2018	2019
Utviklingsmidlar til disposisjon for HO	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5
Fellesutgifter for skulane	2,4	2,2	2,1	1,0	1,0
PP-tenesta	0,2	0,2			
Gratis læremiddel/PC-ordninga	-2,0	-1,8	-1,6	-0,5	-0,5
	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0

Tilråding

Hovudutvalet for opplæring sluttar seg til fylkesdirektøren si tilråding til omdisponering i den økonomiske ramma for opplæring.

1.3 Prioritering i opplæringssektoren

I HO-sak 18/14 tilrådde fylkesdirektøren følgjande overordna gruppering og prioriteringsrekkefølge for tenestene i opplæringssektoren:

1. Kjernenivå for lovpålagde tenester
2. Lovpålagde tenester som blir vurderte til ikkje å ha innsparingspotensiale
3. Lovpålagde tenester som blir vurderte til å ha innsparingspotensiale, lovpålagde tenester der mogleg innsparingspotensiale og konsekvensar av reduksjon i løyvingane krev nærare utgreiing og ikkje lovpålagde tenester.

Det vart ikkje rangert mellom dei ulike tiltaka i kvart av dei overordna grupperingspunkta 1 og 2. Med bakgrunn i God-betre-best! og vedteke målekart gav fylkesdirektøren, under overordna grupperingspunkt 3, høgst prioritet til tiltak som vart vurderte til å kome elevane direkte til gode og tiltak som vart vurderte til å medverke til auka gjennomføring.

På bakgrunn av prioriteringane i HO-sak 18/14 har fylkesdirektøren følgjande framlegg til kva innsparingstiltak som bør setjast i verk dersom opplæringssektoren si økonomiske ramme årleg vert redusert med 3,0 mill. kr frå 2015, aukande til 5 mill. kr frå 2016:

	Prioritet HO-sak 18/15	2015	2016	2017-19
Utgreiingsramme for innsparingar		-3,0	-5,0	-88,0
Teneste/tiltak:				
Jordbruksskulegardar (ufordelt løyving)	35	-0,4	-0,4	-0,4
Tilskot til vaksenopplæringsforbundet (VOFO)	34	-0,2	-0,2	-0,2
Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle idrettsutøvarar	33			
Midlar til pedagogisk utviklingsarbeid	32	-0,5	-0,5	-0,5
Analyse av elev- og lærlingundersøking	30	-0,3	-0,2	-0,3
Skule- og tilbodsstruktur, Hordalandsavtalen	29		-1,6	-3,6
Digital satsing - kompetanseutvikling	28	-1,0	-1,0	-1,0
Fagnettverk	24	-0,2	-0,2	-0,2
Gratis læremiddel/PC-ordninga	18	-0,4	-0,9	-0,4
Sum innsparing		-3,0	-5,0	-6,6
Rest utgreiingsramme		0,0	0,0	-81,4

Tabellen viser den økonomiske verknaden av innsparingstiltaka i økonomiplanperioden.

Under følgjer ein nærare omtale av dei skisserte innsparingstiltaka. Innsparingspotensialet knytt til dei einskilde tiltaka er korrigert for verknaden av gjennomføring av vedteken skulebruksplan.

Jordbruksskulegardar

I HO-sak 18/14 heiter det:

«Årleg budsjettløyving: 3,0 mill. kr.
 Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 3,0 mill. kr
 Mogleg innsparing på kort sikt: 0,6 mill. kr
 Mogleg innsparing på lang sikt: 0,6 mill. kr

Føremålet med jordbruksskulegarden er å gje læreplanfesta praksisopplæring for elevar i naturbruksopplæringa ved Mo og Øyrane vidaregåande skule. Fylkeskommunen nyttar årleg 2,4 mill. kr for å dekke netto driftsutgifter for jordbruksskulegarden på Mo. Fylkestinget løyver i sitt budsjett ei ramme («ufordelt pott»), som fylkesdirektøren disponerer i samband med budsjett-tildeling til jordbruksskulegarden. Nettoløyvinga til jordbruksskulegarden vart i løpet av nokre år redusert, m.a. som følgje av at det i budsjettet vart føresett auke i inntektene for garden. Inntektsføresetnadene for drifta av skulegarden kan variere frå år til år. Som følgje av dette er ikkje den ufordelte potten redusert tilsvarande. Erfaring viser at det budsjetterte inntektsnivået er på eit realistisk nivå og fylkesdirektøren meiner difor den ufordelte potten til føremålet frå 2015 kan reduserast med 0,6 mill. kr. Slik reduksjon har ikkje konsekvensar for tildelinga til jordbruksskulegarden.

Dersom løyvingnivået vert redusert i høve nivået på 2,4 mill. kr årleg, vil skulen ikkje kunne gje eit kvalitativt godt nok tilbod i samsvar med læreplanen.»

Fylkesdirektøren må korrigere talgrunnlaget i dette tiltakspunktet, då rett sum for årleg løyving til jordbruksskulegarden er 2,6 mill. kr. På bakgrunn av dette rår fylkesdirektøren til at budsjettet for ufordelt pott til jordbruksskulegardar årleg vert redusert med 0,4 mill. kr som eit varig innsparingstiltak frå 2015.

Tilskot til Vaksenopplæringsforbundet i Sogn og Fjordane (VOFO)

I HO-sak 18/14 heiter det:

«Årleg budsjettløyving: 0,2 mill. kr.
Mogleg innsparing på kort sikt: 0,2
Mogleg innsparing på lang sikt: 0,2

Fylkeskommunen yter årleg ei tilskot på 0,2 mill. kr i driftstilskot til vaksenopplæringsforbundet. Tenesta er ikkje lovpålagt. Reduksjon eller bortfall av tilskotet vil gje negative konsekvensar og skape usikre vilkår for vidare drift av VOFO Sogn og Fjordane.»

Med dei økonomiske utfordringane fylkeskommunen står overfor kan fylkesdirektøren ikkje tilrå at løyvinga skal vidareførast. Fylkesdirektøren rår til at det fylkeskommunale tilskotet til VOFO vert teke bort som eit varig innsparingstiltak frå 2015.

Fylkesdirektøren har vore i kontakt med VOFO Sogn og Fjordane og bede om deira vurdering av konsekvensane av at det fylkeskommunale tilskotet vert teke bort frå 2015. VOFO har meldt at dei vil kome med tilbakemelding i løpet av veke 38. Vurderinga frå VOFO vil bli ettersendt til hovudutvalet, som ein del av grunnlaget for handsaming av denne saka (vedlegg 1).

Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle idrettsutøvarar

I HO-sak 18/14 heiter det:

«Årleg budsjettløyving: 0,8 mill. kr (er finansiert ut skuleåret 2016-2017)
Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 0,8 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: ingen
Mogleg innsparing på lang sikt: ingen

Tilbodet vart starta opp hausten 2012 og gjeld potensielle toppidrettsutøvarar i idrettane skiskyting (Stryn vidaregåande skule), fotball (Sogndal vidaregåande skule) og volleyball (Hafstad vidaregåande skule). Det er lagt til rette for inntil 5 elevar pr. årstrinn i kvar idrett, samla 15 elevar pr. skule. Sogn og Fjordane idrettskrins gjer dei idrettsfaglege vurderingane og prioriterer for inntak. Prioriterte søkjarar har til no fått reservert plass.

Det er vedteke at ordninga skal evaluerast i forkant av utlysing av opplæringstilbodet for 2015-2016. Evalueringa er planlagt lagt fram for hovudutval for opplæring i september 2014. Ordninga skal evaluerast ut frå fleire kriteria: søking til tilboda, reduksjon i tal søkjarar til toppidrettstilbod utanfor fylke og sportslege resultat. Konsekvensane ved å leggje ned tilbodet må vurderast i samband med evalueringa.

Ordninga er finansiert fram til våren 2017. Dersom tiltaket skal vidareførast må det løyvast midlar til ordninga frå hausten 2017.»

Fylkesdirektøren legg fram eiga sak om evaluering av spissa idrettstilbod for hovudutvalet for opplæring på møtet 23. september. Fylkesdirektøren rår i saka til at ordninga med spissa idrettstilbod ikkje vert vidareført, og at det ikkje vert teke inn nye elevar til ordninga frå hausten 2015. Tiltaket har ikkje innsparingspotensiale, då ordninga med spissa idrettstilbod berre er finansiert fram til og med skuleåret 2016-2017. Den økonomiske «gevinsten» er knytt til å unngå auka driftsutgifter frå hausten 2017.

Midlar til pedagogisk utviklingsarbeid

I HO-sak 18/14 heiter det:

«Årleg budsjettløyving: 0,5 mill. kr.
 Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 0,5 mill. kr
 Mogleg innsparing på kort sikt: 0,5 mill. kr
 Mogleg innsparing på lang sikt: 0,5 mill. kr

Løyvinga skal gå til å finansiere særskilt pedagogisk utviklingsarbeid i sektoren. For åra 2013 og 2014 vart løyvinga teke bort for å finansiere satsingar og salderingsutfordring i opplæringssektoren.

Dersom løyvinga vert teke bort eller redusert vil dette medføre mindre rom for pedagogisk utviklingsarbeid i sektoren.»

Med bakgrunn i dei økonomiske utfordringane for fylkeskommunen rår fylkesdirektøren til at løyvinga til pedagogisk utviklingsarbeid vert teken bort som eit varig innsparingstiltak frå 2015.

Tilskot til elevorganisasjonar

I HO-sak 18/14 heiter det:

«Årleg budsjettløyving: 0,04 mill. kr
 Mogleg innsparing på kort sikt: 0,04
 Mogleg innsparing på lang sikt: 0,04

Fylkeskommunen set årleg av 0,04 mill. kr til tilskot til drift av elevorganisasjonar. I 2013 vart det tildelt 0,02 mill. kr til føremålet.»

Fylkesdirektøren har vore i kontakt med Elevorganisasjonen og bede om deira vurdering av konsekvensane av at det fylkeskommunale tilskotet vert teke bort frå 2015. Tilbakemelding frå Elevorganisasjonen i Sogn og Fjordane følgjer som vedlegg 2. Elevorganisasjonen oppsummerer hovudkonsekvensane av å fjerne driftstilskotet slik:

- «Kan ikkje avhalde nødvendige arrangement
- Sogn og Fjordane vil miste engasjert ungdom
- Får ikkje reist til skular og halde foredrag, og oppretthalde det nære forholdet vi som organisasjon har med grasrota.
- Får ikkje deltatt på nasjonale arrangement innad i organisasjonen»

Fylkesdirektøren er samd med Elevorganisasjonen i at dei har ei viktig rolle m.a. i å bidra til å skape aktive elevråd på skulane og i å vere eit felles talerøyr for elevar og lærlingar i Sogn og Fjordane. Aktivitetsnivået i Elevorganisasjonen har over tid vore svært variabelt. I tilbakemeldinga skriv Elevorganisasjonen i Sogn og Fjordane at dei no er på veg opp att etter nokre vanskelege år.

Etter ei samla vurdering rår fylkesdirektøren til at løyvinga til tilskot til elevorganisasjonar vert vidareført.

Analyse av elev- og lærlingundersøking

I HO-sak 18/14 heiter det:

«Årleg budsjettløyving: 0,2-0,3 mill. kr.
 Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 0,2-0,3 mill. kr
 Mogleg innsparing på kort sikt: 0,2-0,3 mill. kr
 Mogleg innsparing på lang sikt: 0,2-0,3 mill. kr

Løyvinga skal nyttast til analyse av elev- og lærlingundersøkingar og medarbeidar- og brukarundersøkingar, som del av fylkeskommunen sitt kvalitetssystem. Dersom løyvinga vert teke bort vil det i mindre grad vere rom for slikt analysearbeid.»

Med bakgrunn i dei økonomiske utfordringane for fylkeskommunen rår fylkesdirektøren til at løyvinga til analyse av elev- og lærlingundersøking vert teken bort som eit varig innsparingstiltak frå 2015.

Skule- og tilbodsstruktur, Hordalandsavtalen

I HO-sak 18/14 heiter det m.a. under punktet skule- og tilbodsstruktur:

*«Mogleg innsparing på kort sikt: 3,6 mill. kr (i tillegg kjem innsparing på 3,5 mill. kr på samferdsle sitt budsjett)
Mogleg innsparing på lang sikt: krev nærare utgreiing*

Etter fylkesdirektøren si vurdering kan Hordalandsavtalen avviklast med verknad frå skuleåret 2016-2017. Skulebruksplanen viser at avvikling av Hordalandsavtalen vil gje ei innsparing på kjøp av plassar i Hordaland fylkeskommune på om lag 3,5 mill. kr. I tillegg kjem innsparingspotensialet som følgje av redusert skyss med om lag 3,6 mill. kr (dette vert ei innsparing på samferdsle sitt budsjett). Denne innsparinga føreset at fylkeskommunen ikkje bestemmer seg for andre større endringar i skyssen. Samla innsparingspotensiale vert om lag 7,1 mill. kr. Konsekvensar av å avvikle avtalen vil vere at elevane frå Solund, Gulen og Aurland (Gudvangen) vil få tilbod ved eigne fylkeskommunale skular og at elevane må bu på hybel.»

Med bakgrunn i dei økonomiske utfordringane for fylkeskommunen rår fylkesdirektøren til at Hordalandsavtalen vert avvikla med verknad frå skuleåret 2016-2017.

Digital satsing – kompetanseutvikling

I HO-sak 18/14 heiter det:

*«Årleg budsjettløyving: 1,0 mill. kr.
Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 1,0 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: 1,0 mill. kr
Mogleg innsparing på lang sikt (ut over skulebruksplanen): 1,0 mill. kr*

Dersom løyvinga fell bort kan dette resultere i lågare kvalitet på opplæringa og at det blir vanskelegare å nå krava i læreplanen om digital kompetanse (ein grunnleggande dugleik).»

For å sikre naudsynt digital kompetanse for pedagogisk personale har det dei siste åra vore øyremarka midlar til ekstra satsing på kompetanseutvikling innan dette området. Med bakgrunn i dei økonomiske utfordringane for fylkeskommunen, kan fylkesdirektøren ikkje tilrå at løyvinga til føremålet vert vidareført. Fylkesdirektøren si vurdering er at kompetanseutvikling på det dette området må ivaretakast av dei vidaregåande skulane.

Med bakgrunn i dei økonomiske utfordringane for fylkeskommunen rår fylkesdirektøren til at løyvinga til digital satsing – kompetanseutvikling vert teken bort som eit varig innsparingstiltak frå 2015.

Fagnettverk

I HO-sak 18/14 heiter det:

*«Årleg budsjettløyving: 0,4 mill. kr.
Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 0,4 mill. kr
Mogleg innsparing på kort sikt: 0,4 mill. kr
Mogleg innsparing på lang sikt: 0,4 mill. kr*

Det er oppretta fagnettverk både for fellesfag, programfag i studieførebuande utdanningsprogram og dei yrkesfaglege programområda.

Føremålet med fagnettverka er m.a. kompetanseheving og eins praksis på ulike område. For dei yrkesfaglege nettverka er tettare samarbeid mellom dei vidaregåande skulane, opplæringskontora og arbeidslivet sentralt.

Ansvar for nettverka er fordelt på dei vidaregåande skulane og opplæringskontora, og ingen får kompensasjon for å delta i nettverksarbeidet. Midlane vert nytta til ei årleg samling for kvart nettverk, der ein gjerne hentar inn ekstern fagleg kompetanse. Nettverksarbeidet er viktig for kvaliteten på opplæringa, men nivået på løyvinga kan truleg reduserast.»

Med bakgrunn i dei økonomiske utfordringane for fylkeskommunen rår fylkesdirektøren til at løyvinga til fagnettverk årleg vert redusert med 0,2 mill. kr som eit varig innsparingstiltak frå 2015.

Gratis læremiddel/PC-ordninga

I HO-sak 18/14 heiter det m.a.:

«Årleg budsjettløyving: 11,8 mill. kr.
 Årleg budsjettløyving etter iverksetjing av skulebruksplanen: 11,8 mill. kr
 Mogleg innsparing på kort sikt: ingen
 Mogleg innsparing på lang sikt: krev nærare utgreiing

Etter opplæringslova § 3-1 har fylkeskommunen har ansvar for å halde elevane med nødvendige trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr. Som følgje av dette får dei vidaregåande skulane årleg tildelt midlar til gratis læremiddel ut frå fylkeskommunalt fastsette satsar per elev for å ivareta etablert utlånsordning. Fylkeskommunen nyttar årleg i underkant av 7 mill. kr til føremålet. Løyvingsnivået må tilpassast reduksjonen i elevtal i åra framover. Det kan vurderast om den økonomiske ramma kan reduserast ytterlegare for å oppnå økonomisk innsparing. Konsekvensen av slik reduksjon vil vere at skulane har mindre rom for å fornye trykte læremiddel.»

I punkt B.1.2 denne saka tilrår fylkesdirektøren å omdisponere midlar frå gratis læremiddel til delfinansiering av nytt skuleadministrativt system (SAS). Bruken av løyvinga til gratis læremiddel kan styrast ved å regulere satsane for tildeling til skulane. Det er fylkesdirektøren si vurdering at det er forsvarleg å redusere løyvinga til gratis læremiddel, ut over reduksjonen knytt til delfinansiering av nytt SAS, for å løyse salderingsutfordringa i 2015 og 2016.

For å saldere innsparingsutfordringa i 2015 og 2016 rår fylkesdirektøren til at løyvinga til gratis læremiddel/PC-ordninga vert redusert med 0,4 mill. kr i 2015, 0,9 mill. kr i 2016 og 0,4 mill. frå 2017. Det siste vil vere eit varig innsparingstiltak.

Tilråding

Hovudutvalet for opplæring sluttar seg til fylkesdirektøren si tilråding til korleis sektoren best kan tilpasse seg rammeutfordringane i 2015 og 2016.

2. LANGSIKTIGE DRIFTSRAMMER (2017-2019)

Fylkesdirektøren kjem til HO-møtet i oktober med framlegg til kva område som skal nærare utgreiast for på lang sikt å oppnå innsparingar i storleiksorden 88 mill. kr årleg, jf. utgreiingsramme vedteken av finansutvalet på møtet 18. juni.

3. ANDRE SEKTORSPEISIFIKKE OPPFØLGINGSPUNKT

3.1 Konsekvensar av eventuelle endringar i planlagde bygginvesteringar for opplæringssektoren

I arbeidsdokument 3/14 gjorde finansutvalet følgjande vedtak:

«Fylkesrådmannen får i oppdrag å lage ei sak til fylkestinget i oktober med sikte på å få avklart om det er aktuelt å gjennomføre tilpassingane skissert i dette punktet. Saka må vise:

Konsekvensane av å stoppe planlagde bygginvesteringar skissert i punkt 8. d, f og g i fylkestinget sitt skulebruksplanvedtak.

Korleis ein midlertidig kan tilpasse seg ei slik utsetjing - i påvente av eventuelt nytt skulestrukturvedtak.

Kva konsekvensar det vil ha for byggesteg II ved Sogndal vgs. å utsetje realisering av bygningsdelen knytt til restaurant og matfag.»

Saka vert lagt fram for hovudutval for opplæring på møtet i september, med slutthandsaming i fylkesutvalet og fylkestinget i september/oktober.

3.2 Oppfølging av vedtak i fylkestinget

- FT-sak 12/14 Tilbod om IB som eit samarbeid mellom SFFK og UWC
Inngår som ein del av budsjettsaka til HO i oktober
- FT-sak 13/14: Fagskulen i Sogn og Fjordane – avklaring av ansvar og mynde, økonomiske rammer og bygningsmessige tilhøve
Inngår som ein del av budsjettsaka til HO i oktober
- FT-sak 14/14: Investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule
Eiga sak til FT i desember.

3.3 Oppfølging av vedtak i HO-sak 18/14:

I saka gjorde HO m.a. følgjande vedtak:

«Hovudutvalet ber om å få utgreia potensialet for innsparing i energikostnader i bygningsmassen for vidaregåande skule, ut frå ein "best praksis"-strategi der ein nyttar røynslar og kompetanse frå dei skulane som har lågast energibruk pr. m2.»

Notat om problemstillinga, datert 12.09.14, frå bygge- og eigedomssjefen følgjer som vedlegg 3. Notatet viser at det over mange år har vore, og framleis vert, arbeid kontinuerleg og medvite for å nå målet i vedteken klima og miljøplan om redusert energibruk i dei fylkeskommunale bygga.

3.4 Vaksenopplæring

I HO-sak 18/14 heiter det m.a.:

*«Årleg budsjettløyving: 3,5 mill. kr.
Mogleg innsparing på kort sikt: ingen
Mogleg innsparing på lang sikt: ingen*

Nivået på løyvinga til vaksenopplæring er etter fylkesdirektøren si vurdering for lågt. Etter omdisponering i sektoren vart løyvinga for 2014 auka frå 3,5 til 4,5 mill. kr. For å få eit akseptabelt omfang av vaksenopplæringstilbodet, meiner fylkesdirektøren at løyvingsnivået i 2014 burde vore vidareført. Fylkesdirektøren har så langt ikkje funne rom for å finansiere ei varig styrking av tenesta.

Ein ser særleg ei utfordring når det gjeld framandspråklege søkjarar med vaksenrett. Dei treng meir omfattande opplæringstilbod m.a. på grunn av for dårlege norskkunnskapar.»

Fylkesdirektøren har røynsle med at fleire vaksne med rett treng meir opplæring fram til ønska sluttkompetanse, då dei har mindre yrkespraksis enn tidlegare. Dette fører til at ein må gje meir omfattande opplæring både på Vg1, Vg2 og Vg3-nivå i yrkesfaglege utdanningsprogram. Plikta som fylkeskommunen har til å gje den vaksne opplæring heilt gjennom Vg3 i yrkesfaga, er òg blitt innskjerpa gjennom dei nye nasjonale retningslinene for realkompetansevurdering.

Fylkesdirektøren vil i samband med budsjettsaka til HO i oktober vurdere korleis budsjettet for vaksenopplæring kan styrkast frå 2015. Fylkesdirektøren vil sjå dette i samanheng med tilpassinga til dei langsiktige driftsrammene for sektoren.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)